

Referat frå møte i FAU v/Bygstad skule, 26. mai 2025

Deltakarar: Ingeborg Grinde, Ole Magnus Mo, Hanne Mundal, Håvard Korsvoll, Jeanette Haugsbø, Linn Terese Engvik

Ikkje til stades: Hilde Marie Solheim

Agenda:

1. Oppsummering 17. mai

Vi ligg an til eit overskot på om lag kr 25 000 etter 17. mai arrangementet på skulen (nokre mindre utlegg manglar enno). Dette er vesentleg betre enn i 2024, då overskotet var på i underkant av kr. 7000.

I 2025 bestilte FAU inn varer og satt priser (i staden for at dette gjerast av mat- og kiosknemndene), dette bør ein fortsetje med.

Når det gjeld nytt program for 17. mai er erfaringa at ein må legge inn tid til oppstilling til tog etter elevprogrammet, med tilsvarande forskyving av hovudprogram. Det bør også stå i programmet kor lenge gudstenesta varer, slik at deltakarar veit at dei rekk elevprogrammet.

FAU sender ut ei ny spørjeundersøking til foreldra på skulen vedr. nytt program før møte i hovudkomiteen i starten av juni.

2. «Mot mobbing» luer

Det er per i dag ikkje nok luer til dei komande 1. klassingane, men tirsdagskafeen er klare for å komme igang med å strikke nye. Hilde Marie undersøker moglegheitene for sponing av tråd til luene hos Europris Dale.

3. Smarttelefonfri barndom

Jeanette informerte om Slåtten skule sitt prosjekt, der ein har mål om innan 2030 å få flest mogleg til å vente med smarttelefon til ungdomsskulen. FAU Sande har tatt kontakt og ønskjer å samarbeide med FAU Bygstad om eit liknande prosjekt.

Ei prosjektgruppe vil jobbe vidare med dette, med hovudfokus på 1. – 3. trinn. Frå 4. trinn er det vanskeleg å snu trenden då mange allereie har smarttelefon, her kan ein eventuelt heller ha fokus på sosiale medier samt eventuelle retningslinjer for bruk av smarttelefon.

Prosjektet bør vere tema på foreldremøte hausten 2025, og det er aktuelt med spørreundersøking til både elevar og foreldre.

Vedtak:

FAU ønsker å sette i gang prosjekt smarttelefonfri skule innan 2030, i samarbeid med FAU på Sande skule.

Jeanette og Hanne melder seg til prosjektgruppa, og ønskjer å få med seg ein foreldrerepresentant utanfor FAU.

4. Innsamling uteområde

Etter 25-års arrangementet er det nokre bedrifter som meldte at dei ville gi støtte som ikkje har betalt inn beløpa enno. Håvard sjekker kven som har betalt og følgjer opp dei dette gjeld.

5. Framdrift uteområde

Status ballbingen: kommunen har godkjent søknaden, denne ligg no hos fylkeskommunen der det er lang ventetid. Det vil truleg ikkje bli aktuelt med oppstart før til hausten. Ein bør då ha ei eiga prosjektgruppe med foreldrerepresentantar utanfor FAU som kan ta ansvar for organisering av dugnad mm.

FAU diskuterte kva andre prosjekt ein skal prioritere på uteområdet. Det er ønske om å starte med eit leikestativ for dei yngre borna. FAU har tidlegare henta inn tilbod frå leverandør Søve, og forsøker å få til eit felles møte med Søve og skulen innan kort tid. Med midlane som kom inn etter 25- års feiringa har FAU nok midlar til å søke stønad frå Sparebankstiftinga, og tar sikte på å sende søknad innan fristen 1. september.

6. Innkjøp frysar og kjøleskap

Bestilling på fryseboks før 17. mai gjekk likevel ikkje gjennom, og FAU undersøker vidare hos aktuelle leverandørar.

7. Parkering BIF

Det er framleis ei utfordring at mange køyrer inn gangvegen og parkerer langs hallen. Kommunen har ikkje utarbeidd skiltplan, og kjem neppe til å kunne prioritere denne kostnaden med det første.

FAU er samde om å kunne bruke av FAU sine midlar til å få sett opp eit skilt ved starten av gangvegen. Håvard undersøker med kommunen om dette er ei akseptabel løysing. Vidare bør det hengast opp plakater på dørene til hallen med informasjon om at gangvegen ikkje skal nyttast til køyring og at det ikkje er parkering langs hallen.

Møtet varte frå kl. 19.30 - 20.50